



Kulturdepartementet

Pb 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbehandlar:	Arkivkode:	Dato:
	13/2060-1	Hilde Pedersen, 35059221 hilde.pedersen@bo.kommune.no	K2-C00, K1- 024, K3-&13	28.06.2013

Kulturutredningen 2014. Administrativ høyringsuttale frå Bø kommune

Vi ser positivt på at Enger-utvalet peikar på behovet for å prioritere og å styrke den kulturelle grunnmuren, og gi kulturpolitikken ei betre forankring som ein viktig del av den demokratiske infrastrukturen, bl.a. ved å legge kultur inn i Plan- og bygningslova på lik line med folkehelse.

Det er i dag for lite samarbeid mellom offentlige, frivillige og private aktørar, og det er gjennomgåande også lite kunnskap om kvarandre på tvers av ulike forvaltningsnivå, tiltak og aktørar.

Vi ønskjer ei målretta nasjonal satsing som gir kommunane handlingsrom for eit lokalt kulturløft, og er opptatt av at kultursektoren som eit fagområde på lik line med andre sektorar, har krav til fagkompetanse både for overordna tilrettelegging, kulturutvikling, kulturoppføring, kulturutøving og kulturformidling.

Bibliotek, kulturskule, allmennkultur og den frivillige kulturaktiviteten i kommunane har i liten grad fått del i midlane frå kulturløftet 1 og 2. Vi vil i denne samanheng påpeike at offentlig, frivillig og privat kulturverksemd i dag heng saman og er gjensidig avhengige av kvarandre. Vi veit at det frivillige kulturlivet i mange kommunar er ein føresetnad for at det i det heile tatt finst eit kulturtilbod. Samtidig veit vi at både offentlig og frivillig kulturaktivitet er avhengig av samarbeid med profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar.

Konkret vil vi peike på fire forhold som vi held fram som vesentlige:

1. Prioritet til ein kunnskapsbasert kulturpolitikk og oppfølging av Grundt-utvalets innstilling om etablering av eit nasjonalt senter/nettverk for kulturforsking.
2. Sikre eit økonomisk løft for folkebiblioteka og kulturskulane lokalt; helst gjennom bruk av stimuleringsmidlar over ein periode. Dette er viktig fordi folkebiblioteket er kunnskapsformidlar og viktig møteplass i lokalsamfunnet,

og kulturskulen er eit servicesenter for frivillig sektor og ein inkluderande arena for kunstnarisk læring, deltaking og talentutvikling lokalt. Dette er to institusjonar som på mange måtar utgjer sjølve fundamentet for ein lokal kulturell grunnmur.

3. Legge til rette for betre samordning og forenkling av ulike statlige tiltak og støtteordningar retta mot fylkeskommunalt og kommunalt nivå.
4. Kulturarenaer må få same modell for finansiering som idrettsarenaer. I denne samanhengen bør det etablerast rutinar for kartlegging og finansiering av lokale som brukast til kunst og kultur.

Vi støttar gjennomgåande utvalets anbefalingar og håpar Kulturdepartementet tar fatt i dei utfordringane som skisserast i forhold til lokalt kulturliv og kulturutvikling. Det er viktig at ein ser dei rike og mangfaldige mulighetene som alt ligg i det lokale kulturlivet og som kan gi grunnlag for å løyse fleire av dei utfordringane utvalet peikar på.

Ein samordna nasjonal kulturpolitikk er summen av kommunal, fylkeskommunal og statlig kulturpolitikk. Verkemidlane vil vere både økonomiske og organisatoriske, og føreset kompetente kulturarbeidarar sentralt plassert i kommunen, men også i fylkeskommunen og staten; alle med kunnskap om lokalt kulturliv, kulturelt entreprenørskap og kulturutvikling.

Med helsing
Hilde Pedersen
einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur